

Daledagane mat og kulturfest

Org.nr: 916820178

Stanghelle 08.11.22.

Vaksdal kommune

Bygdeutviklingsutvalet v/utvalsleiar Edvind Hesjedal

Søknad om stønad i samband med at årets Daledagar gjekk med underskot.

Styret og nemnda i Daledagane har nyleg hatt møte og evaluert årets Daledagar. Styret har avslutta rekneskapen pr. 30.09.22 som viser eit underskot på omlag kr. 70 000,- (vedl.). I det framlagte rekneskapet er investeringar (oppgradering av telt og scene samt innkjøp av profileringsmateriell) tatt med. Det kan og nemnast at me i år har brukt omlag kr. 50 000,- på tilbod til dei yngste borna. På inntektssida er det spesielt svikt i annonseinntekter, bortfall av sponing av arrangement for born, samt inntekter frå lotteri (tildelt Dale røde kors i sin heilhet i år), som påvirkar resultatet negativt.

I vedtektene til Daledagane mat og kulturfest er formålet med Daledagane beskrevet i § 2:

§ 2

Daledagane mat og kulturfest er eit kultur- og næringslivsarrangement for Vaksdal kommune.

- a) Vert arrangert kvart år, første helga i juni månad.
- b) Er ein sjølvstendig, upolitisk organisasjon.
- c) Er samansett av eit festivalstyre med representanter frå næringsliv, frivillige organisasjonar og Vaksdal kommune.
- d) Skal vera ein arena der det kommunale nærings- og kulturliv skal visa seg fram. Næringsliv og organisasjonar utanfor kommunen skal vera eit supplement, og ikkje ein konkurrent til det lokale engasjement.
- e) Skal vera ein prioritert møteplass der bygdefolk og tilreisande skal møtast til ei minnerik helg. Gatå skal vera eit midtpunkt 3 dagar til endes og lokalt engasjement skal lyftas fram.

Som det går fram av formålsparagrafen, er arrangementet eit ikkje kommersielt tilbod til det lokale nærings- og kulturliv. Tilrettelegging for at frivillige og profesjonelle kan presentere sine aktivitetar der mykje folk møtest. Nemnda og styret i Daledagane står som tilretteleggjar. Deira arbeid, planlegging gjennom året og sjølve gjennomføringa av Daledagane, er basert på frivillig innsats frå einskildpersonar. Daledagane betaler ikkje lønn/honorar til korkje styre eller nemnda.

Med eit underskot som årets rekneskap viser, vil komande arrangement ha begrensa ressursar til attraktive aktivitetar som trekkjer publikum til arrangementet. Marknadsføringa av kva tilbod kultur og næringsliv har til innbyggjarane i Vaksdal , vil få redusert merksemd.

I komande Daledagar har nemnda som mål å koma ungdommen/ungdomsklubbane i kommunen i møte, med arrangement som kan vera attraktive for denne aldersgruppa. Dette skal ikkje gå på bekostning av andre aktivitetar under Daledagane.

Med ovannemnde som bakteppe, vil Daledagane Mat og kulturfest søkja Vaksdal kommune ved Bygdeutviklingsutvalet om økonomisk stønad til dekking av underskotet frå aktivitetane under Daledagane 2022.

Venleg helsing
Daledagane mat og kulturfest
Ole Hesjedal / leiar